



# Gulen kyrkjelydsblad

Nr 2

Juni 2016

59. årgang



**Pinsedag, 15. mai, var det gudsteneste på tusenårsstaden Gulatinget**

**REDAKSJON:** Anne R. Tveit, tlf. 48228353. Eivindvikvegen 1117, 5966 Eivindvik [anne.ryssdal.tveit@enivest.net](mailto:anne.ryssdal.tveit@enivest.net)

**KORREKTUR:** Marit Sandal, 5966 Eivindvik Tlf. 57784129 / 95997182

**BANKGIROKONTO:** 3817 15 51282  
Kontingenten er fri.

**TRYKKERI:** Norengros, 3701 Skien

**SOKNEPREST i MJØMNA SOKN:**  
Bjørn Magne Hansen, 6924 Hardbakke  
[soknepresten@solund.kyrkja.no](mailto:soknepresten@solund.kyrkja.no)  
Tlf. 47669620.

**SOKNEPREST i GULEN SOKN:**  
Jens Linde, 5966 Eivindvik. Tlf. 97509035 [jens.linde@gulen.kyrkja.no](mailto:jens.linde@gulen.kyrkja.no)

**SOKNEPREST i BREKKE SOKN:**  
Audun Systad, 6958 Sørbovåg.  
[audun.systad@hyllestad.kyrkja.no](mailto:audun.systad@hyllestad.kyrkja.no)  
Tlf. 97155237

**KYRKJEVERJE:** Trude Brosvik, 5966 Eivindvik, Tlf. 57782090/91314389  
[post@gulen.kyrkja.no](mailto:post@gulen.kyrkja.no) Kontor: Ikkje onsd.

**KONTORPERSONALE:**  
Margrethe Skåden, Tlf. 57782093  
Kontortid torsdag kl. 12.40-16.00 og fredag kl. 08.00-12.00.

**ORGANIST:** Peter Tiborc Jobbagy, 5966 Eivindvik. Tlf. kontor 57782092.

**SOKNERÅD/FELLESRÅD:**  
Gulen sokn: Irene Mongstad. Tlf. 91151993. [irene.mongstad@enivest.net](mailto:irene.mongstad@enivest.net)

Brekke sokn: Cathrine Waage Tveit. Tlf. 91759076. [cawaatveit@hotmail.com](mailto:cawaatveit@hotmail.com)

Mjømna sokn: Bente Haugen. Tlf. 99264861. [bente.haugen@enivest.net](mailto:bente.haugen@enivest.net)

Fellesråd: Målfrid Undertun. Tlf. 41610983. [malfrid.undertun@enivest.net](mailto:malfrid.undertun@enivest.net)

**KYRKJA SI HEIMESIDE:**  
[www.gulen.kyrkja.no](http://www.gulen.kyrkja.no)

## Redaksjonen

presenterer denne gongen eit blad som er prega av aktivitetar som har vore, m.a. kyrkjeleg fellestråd si store årsmelding for 2015.

Elles har vi ein del glimt frå ting som har skjedd så langt i 2016, og ting som skal skje seinare i sommar og haust. M.a. har vi eit stykke om Dalsøyra bedehus, som skal ha 100-årsjubileum 26. juni. Og i slutten av oktober kjem biskop Halvor Nordhaug på visitas til Gulen.

Vi har nettopp feira pinsehelig med gudsteneste på Tusenårsstaden Gulatinget. Prost Geir Sørøpbø poengterte i preika si at kyrkjelydane i Gulen kjem til å bestå, trass i lita bemanning og trugsmål om ytterlegare nedskjeringar. Det er **folket** – staben og dei mange frivillige dugnadsarbeidarane – som saman utgjer kyrkja og er garantien for at kyrkja vil overleve også i framtida.



Neste nummer av bladet kjem i august. Innsendingsfrist: 1. august.



## **Pinse – høgtida for det uventa**

Når store dagar skal feirast, planlegg vi gjerne i god tid, lagar lister over alt som skal gjerast, og kryssar av etter kvart. Mat skal handlast inn, invitasjonar sendast ut. Ein vesentleg ting er å sjå til at klea er i orden. Passar bunaden eller dressen? Eller må eg ut og finne noko nytt?

Når dagen kjem, er det godt å ha det meste førebudd på førehand. Ofte har vi tenkt ut noko i bakhand, om noko ikkje skulle gå heilt etter planen. Plan B kallar vi det gjerne. Kanskje ha noko ekstra mat på lager, eller ha med skobytte i tilfelle gnagsår. Då slepp vi å stå der opprårde om noko uventa inntreffer.

Mykje folk var samla til pinsehøgtid, den femtiande dagen etter påske. Folk strøymde til Jerusalem for å feire kveitehausten, og for å takke Gud for lova han hadde gjeve gjennom Moses. I heimane hadde kvinnene det travelt med å førebu gode måltid. Antakeleg var det laga til rikeleg, i tilfelle det skulle dukke opp fleire gjester enn venta. Og så med eitt slår ein ny plan inn. Plan G: Guds plan.

Jesus hadde sagt noko om det til venene sine. Læresveinane venta kanskje på det, men dei visste lite om når og korleis det skulle skje.

Vi legg store planar for arbeidet, i misjonsarbeid og i kyrkjelyd. Vi har draumar og ynskje. Vi førebur så godt vi kan. Pinsa er høgtida som minner oss på nytt om at krafta kjem utanfrå. Kjelda er ikkje tom, gåver er å finne, Andens gåver. Nokre gonger treng vi legge planar til sides, og lytte, sjå, kjenne etter – kva retning blæs vinden? Kva veg vil Gud vi skal gå? Det er fint og nødvendig å legge planar. Men, kan hende vert det annleis enn eg tenkte. Det er godt at ein større plan er lagt, som eg ikkje har innsikt i.

I forventning til dette har vi nett feira pinse, med bøn om at Gud stadig, på nytt og på nytt, vil sende sin Ande. Store og uventa ting kan kome til å skje, i det store og i det små. Og vi treng ikkje frykte: Det er Jesus sjølv som kjem ved Anden, det er ingen framand.

Johs 14,16-19: Då vil eg be Faderen, og han skal gje dykk ein annan talsmann som skal vera hjå dykk for alltid: Sanningsanden. Verda kan ikkje ta imot han, for ho ser han ikkje og kjenner han ikkje. Men de kjenner han; for han bur hjå dykk og skal vera i dykk. Eg vil ikkje la dykk vera att som foreldreause born; eg kjem til dykk. Om ei lita stund ser ikkje verda meg lenger. Men de ser meg, for eg lever, og de skal leva.

*Rigmor Frøyen, sokneprest i Naustdal. Har tidlegare arbeidd i NMS*

# Årsmelding for kyrkja i Gulen 2015:

## Rapport frå kyrkjevevja

Kyrkja i Gulen har visjon om å vere «nær Gud – nær menneske». Av årsmeldinga går det fram korleis vi prøver å oppfylle dette ambisiøse målet. Kyrkja er eit trussamfunn, samtidig som vi i stor grad også er ein kulturinstitusjon og tradisjonsberar. Vårt håp at kyrkja står fram som ein vegvisar og hjelpar for folk som søker Gud.



**STØRST AV ALT**

**«Nær Gud, nær menneske»**

### Utviklinga av folkekyrkja

Kyrkja er inne i ei spanande tid med skiljet frå staten, - Stortinget som seier vi skal vere ei folkekyrkje, - Kyrkjemøtet som seier vi skal vere ei «landsdekkande folkekyrkje», og ikkje minst: endringar i ressurs-situasjonen. Det mest merkbare er kanskje at Presteforeininga og regjeringa gjorde ein avtale om at arbeidstida til prestane skal vere 35,5 timar i veka. Det er ikkje urimeleg, for dei jobbar tre av fire søndagar i månaden. Men avtalen vart gjort utan noko

signal om å dekke inn alle dei årsverka som dermed forsvann. I ettertid, ved budsjettbehandlninga i Stortinget, har regjeringa støtte frå Venstre på at det ikkje er grunn til å auke budsjettet til presteteneste som følgje av dette. For Gulen sin del er prestetenesta alle-reie redusert. Dette vedtaket vil føre til ytterlegare press på ho. Gulen kommune er i folketal stor nok til å ha eigen prest, etter dei tala Bjørgvin bispedøme opererer med. Men den nye ordninga med å sjå Solund, Gulen og Masfjorden i samanheng, fører til at kvart sokn i Gulen har sin prest. Audun Systad frå Hyllestad (og Sunnfjord prosti) er sokneprest i Brekke, og skal ha 40 % av tenesta si i Gulen, Masfjorden og Solund. Bjørn Magne Hansen, sokneprest i Solund, er også sokneprest i Mjømna sokn. Og Jens Linde er sokneprest i Gulen sokn og alle dei tre sokna i Masfjorden. Det er på mange måtar ein stor ressurs å ha tre prestar, samtidig som det gjev mykje ekstra trong for samordning, både på tiltak som er felles for alle sokna, og for dei som er tilsette hos Kyrkjeleg felleusråd og som skal samhandle med alle. Berre arbeidet med å lage gudstenesteplanar er eit stort puslespel. Kyrkjevevja meiner vi ser ei endring i prestetenesta, der autoritet og styring i større grad vert lagt til sokneråd og felleusråd. Det er ei vilja endring, men som er vanskeleg å ta inn over seg for alle partar. Det er imidlertid ikkje ressursar i felleusrådet til å ta større delar av arbeidet. Så anten må kyrkje-

kontoret styrkast, arbeidet effektiviserast, eller ein må slutte å gjere enkelte tenester.



I 2015 var det sokneråds- og bispedømerådsval. Valdeltakinga for alle sokna var i snitt 31 %. Det er ganske stor utskifting av tillitsvalde i råda, og det var eit stort arbeid for nominasjonsnemndene å finne nok folk som var villige til å stille til val. Særleg har det vore vanskeleg å finne nok menn, noko som viser att i skeiv kjønnsfordeling i råda. Før neste val bør sokneråda vurdere om ein skal samle alle sokna i kommunen til eitt sokneråd, evt. sjå på andre samarbeid. Gulen kommune er inne i forhandlingar om samanslåing med andre kommunar. Viss det blir gjort, vil kyrkja, etter kyrkjelova, automatisk få same grensene.

### **Tilhøve til andre**

Det er godt samarbeid mellom Gulen kommune og kyrkja. Vi har fast møte med kommuneleiinga i mai/juni, og elles tett kontakt på enkeltsaker. Kyrkjevevja trur noko av grunnen til god samhandling er at kyrkja har kontor på kommunehuset.

Kommunestyret har også valt varaordførar som sin medlem til fellesrådet.

GKF har ein tenesteytingsavtale med kommunen. Denne har vi bede om ein gjennomgang av, men det er ikkje gjort. Kyrkja meiner avtalen ikkje er heilt realistisk på prising, og heller ikkje på kva tenester som blir dekkja. Kyrkja har laga ein plan for verksemda si. Den har Gulen kommune slutta seg til. M.a. står der at vi skal legge til rette for samarbeid om born og unge. I 2015 var det t.d. skulegudstenester i tre av fire skulekrinsar. I trusopplæringsarbeidet skal alle medlemmer/tilhørige i aktuell alder inviterast. Sidan vi ikkje får dele ut invitasjonar gjennom skulen, kan det lett oppstå situasjonar der born kjenner seg haldne utanfor. For å unngå slike leie situasjonar, samstundes om vi skal ha respekt for dei som ikkje ønskjer invitasjonar frå kyrkja, vurderer sokneråda å sende ut spørsmål til foreldra, t.d. i samband med fødsel, om dei vil ha tilbod om/invitasjon til kyrkja si trusopplæring. Ansvar for å lære alle døypte om trua si, ligg til kyrkja. GKF har ressursar i form av økonomi til å gjere meir, men må vurdere korleis ein kan styrke arbeidet med innleige av folk, fleire frivillige, og samarbeid med andre organisasjonar. Kyrkja er avhengig av mange frivillige for å eksistere og gjennomføre oppdraget sitt. Det har vi heldigvis, noko det står meir om i sokneråda sine årsmeldingar. Det er stor oppslut-

ning om kyrkjelege handlingar, og «folkekyrkja» som institusjon står svært sterkt i kommunen. Det kan vere vanskeleg å få frivillige medarbeidarar som tør å ta på seg arbeid av lærande eller forkynnande art. Plan for kyrkja i Gulen inneheld punkt om å gje leiaropplæring, og det må prioriterast framover.

I 2016 skal kyrkja ha bispevisitas. Det er eit tilsyn av kyrkjelydane og arbeidet som blir gjort. Tilsynet omfattar også møte med kommunen og frivillige.

### **Prioriteringar**

Kyrkjeverja meiner det er tre område som bør ha stor merksemd for den lokale kyrkja framover:

\* Leiaropplæring

\* Fast gjevarteneste som set oss i stand til å styrke trusopplæring, diakoni og anna kyrkjeleg verksemd.

\* Vedlikehald og nødvendig opprusting av gravplassar og kyrkjer

*Eivindvik, 24.02.2016,*

*Trude Brosvik, kyrkjeverje*

### **Råd og utval**

I 2015 har det vore soknerådsval og skifte i medlemmer både i sokneråda og i fellestrådet. Dei nye sokneråda verka frå 1. november, og fellestrådet frå 1. desember.

#### **Samansetting av Gulen kyrkjelege fellestråd (GKF) fram til 01.12.15:**

Liv Brekken (leiar), Steinar Østerbø, Anne Berit Navdal, Målfrid Undertun, Egil Uthaug, Anne Ytreøy, sokneprest Bjørn Magne Hansen og Dagfinn Midtun (kommunen).

Varamedlemmer: Magnar Sætre, Bjarne Tynning, Anita Lihaug, Frode Kvamme, Berthe Haveland Randal, Inger Alise Einebærholm, Geir Søre-bø (for presten) og Arve Mjømen (for kommunen)

#### **Samansetting av GKF etter 01.12.:**

Målfrid Undertun (leiar), Iddi Glenjen, Sissel A. Kvame (nestleiar), Magnus Oppedal, Kjell Kversøy, Inger Alise Einebærholm, Geir Søre-bø (utpeika av biskopen) og Odd Harald Eide (vald av kommunestyret). Varamedlemmer: Jan Leknes, Signe Baarøy, Turid Strømsnes, Kristin Kjelby, Marte A. Birknes, Kristin Mjanger, Jens Linde (geistleg) og Bjarte Undertun (kommunen).

Det har vore halde kurs for nye sokneråd (12.11.15) og for fellestråd (18.01.16) i samarbeid med Bjørgvin bispedøme og Kirkens Arbeidsgiverorganisasjon (KA).

Valet fann stad 14. september, og vart gjort i tilknytning til kommune- og fylkestingsvalet ved alle røystestadane i kommunen.

Valdeltakinga var 27,25 % i Gulen, 36,94 % i Mjømna og 29,21 % i Brekke.

Fellestrådet har i 2015 hatt 6 møte og behandla 25 saker. Det eine møtet vart avvikla som eit e-postmøte.

Administrasjonsutvalet er samansett av fellestrådet sine medlemmer + to arbeidstakarar (valde av og mellom arbeidstakarane). Arbeidstakarrepresentantane er Margrethe Skåden og Peter T. Jobbagy.

Margrethe Skåden er vald som leiar, og Målfrid Undertun som nestleiar for 2016.

«Veivalg for framtidig kirkeordning» og «Omfordeling av presteressursane i Nordhordland prosti» har vore store høyringssaker. Dei andre sakene er vanlege driftssaker som budsjett, rekneskap, årsmelding, vedlikehald og utbetring av kyrkjer og gravplassar.

Saka om gjennomgang av tenestekjøpsavtalen med kommunen er ikkje blitt revidert. Det har vore halde møte mellom GKF v/leiar og kyrkjeverje og Gulen kommune v/ordførar og rådmann. Der drøftar ein utviklingsoppgåver, budsjettbehov og moglege fellestiltak.

Kyrkjeverja har også møtt i kommunestyret for å informere om kyrkje og kyrkjegardar og kommunestyret sine plikter etter Kyrkjelova.


## Barne- og ungdomsarbeid

Trusopplæringsplanen har i stor grad vore følgd opp.

Utfordringa er å få til arbeid som ikkje berre blir ein arbeidskrevjande «happening», men noko som gjev den opplæringa i tru som borna har krav på, og som kyrkja skal gje.

Opplæringa er frivillig. Sjølv om alle som døyper borna sine, gjev lovnad om å gje opplæring, så er det ikkje alle som nyttar seg av dei tilboda kyrkja gjev. Sokneråda/kyrkjekontoret sender invitasjon til opplæringa i brev til kvar enkelt medlem og «tilhørig» (dei som ikkje er døypte, men

som har mor eller far som er medlem i DnK). Sokneråda ønskjer at invitasjonane også skal sendast til ikkje-medlemmer.



Gjennomførte aktivitetar/opplærings-samlingar for alle:

- Dåpssamtale og utdeling av dåpslys
- Utdeling av 4-årsbok
- Hausttakkefest
- «I fyr og flamme» - pinsegudsteneste på Tusenårsstaden
- Barnas Misjonsdag
- Konfirmasjonsundervisning og konfirmasjon
- Informasjon om leiar på Alværa
- Skulegudstenester

I tillegg kjem sokn-vise arrangement som:

**Mjømna:** Lys Vaken og pynting av juletre i kyrkja, utdeling av «Barnas»

(søndagsskulebladet) til 6-åringar. I Mjømna sokn er det samarbeid med andre om Barneforeining, Yngres og Onsdagsklubb.

**Brekke:** «Sprell levande» (søndagsskule), Samling av 4-åringane i kyrkja før utdeling av bok, konfirmantfest på bedehuset, Tysdagskafé (Indremisjonen)

**Gulen:** Utdeling av CD med barnesongar til 2 års dåpsdag, Lys Vaken, Pilegrimsvandring (som vart fleire vaksne enn born), utdeling av «Barnas» (søndagsskulebladet) til 6-åringar.

## Diakoni og samfunnsengasjement

Kyrkjeleg fellesråd har samordna tiltak som er felles for sokna, som t.d. syte for innkjøp til kyrkjekaffi (Brekke og Gulen), hjelpe sokna med å arrangere fasteaksjon for Kirkens Nødhjelp saman med konfirmantane, og samarbeide med Frivilligsentralen. Bjørn Magne Hansen er styreleiar for Frivilligsentralen.

Det er starta eit samarbeid der konfirmantane skal ha 8 timar diakonal teneste gjennom Frivilligsentralen i løpet av konfirmantåret. Dette kjem i tillegg til teneste saman med soknerådet om trusopplæring m.m.

Det har til saman vore gjennomført 23 andaktar på sjukeheimen og på bu- og omsorgssentra.

## Gudstenester/kyrkjemusikk

I 2015 har det vore totalt 67 gudstenester i dei tre sokna våre (2014: 69). 56 av desse har vore «forordna».

I snitt har gudstenestebesøket vore på 62,4 personar (2014: 61,4).

Det er relativt store variasjonar mellom sokna, og også mellom kva type gudsteneste det er.

Fram til innføring av ny fordeling av presteressursane i Nordhordland prosti var Bjørn Magne Hansen prest i Brekke og Odd Sverre Hove vikarprest i Gulen og Mjømna.

For Gulen, Solund og Masfjorden medførte endringa ein samla reduksjon frå tre stillingar (ein i kvar kommune) til 2,5 stilling.

Bjørn Magne Hansen er no sokneprest i Mjømna. Han er i tillegg sokneprest i Solund. Audun Systad er ny sokneprest i Brekke, i tillegg til Hyllestad i Sunnfjord prosti, og Jens Linde er sokneprest i Gulen sokn og dei tre sokna i Masfjorden.

Det er også tilsett kyrkjetenar i Gulen sokn og Mjømna sokn etter at Andrid Baarøy gjekk av som pensjonist. I Gulen er Astrid Øie Tveit tilsett, og i Mjømna Kristin Mjanger.

I Brekke blir klokkartenesta gjort av frivillige, og fellesrådet godtgjer soknerådet tilsvarande løna.

Det er ikkje laga plan for kyrkjemusikk, og sokna har søkt om utsetting for å få endeleg godkjent ny liturgi. Det har vore 12 konsertar i kyrkjene. Tre av dei har vore arrangerte av andre enn sokneråda.

Dei fleste av desse har vore eit samarbeid med Tusenårsstaden Gulatinget og Espen Selvik.

I 2015 har det vore samarbeid om skulegudstenester i desember med



skulane på Byrknesøy, Dalsøyra og Brekke.

## Evangelisering og misjon

Kyrkjeleg fellestråd har utført alle punkt i planen med å samordne «Barnas Misjonsdag», ha misjon som



tema i konfirmantopplæringa, reklamere for leirar og samlingar og vere bindeledd mellom sokna og misjonærtavtalen.

Gjennom offer i kyrkjene har det vore samla inn kr. 83.373,- til andre organisasjonar og kr. 44.666,- til eige arbeid i sokneråda.

I tillegg kjem kr. 38.503,00 til Fasteaksjonen (sjå diakonalt arbeid).

## Informasjon

Kyrkjeleg fellestråd har fått ny nettside. Det er framleis innkøyringsproblem og behov for betre opplæring for å ta sida i bruk på ein god måte.

Det er vedteke retningslinjer for kyrkja sine informasjonsplattformer (nettside, Kyrkjelydsbladet og Facebook). Det har vore gitt ut 5 nummer av Kyrkjelydsbladet i 2015, og GKF har bestemt at det skal trykkast i fargar. Bladet blir framleis laga av

Anne R. Tveit (frivillig medarbeidar), og redaksjonsansvaret ligg til kyrkjeverja. Bladet vert delt ut på dugnad til alle postkassar. Kontingenten er fri/gåve. I 2015 har det ikkje vore giro i bladet, så inntektene har ikkje vore så store som vanleg. Fellestrådet fører rekneskapan for Kyrkjelydsbladet. Inntektene har vore kr. 24.165,77, og utgiftene kr. 56.378,80.

Underskotet er dekket av bunde fond, og etter det har Kyrkjelydsbladet kr. 78.052,02 igjen på fond.

Gudstenester vert kunngjorde med plakatar, i lokalavisene, på kalenderen på Gulen kommune si heimeside, og på eiga nettside, [www.gulen.kyrkja.no](http://www.gulen.kyrkja.no)

## Kyrkjebygg og kyrkjegardar

Det har vore gjort to større investeringar i 2015. På Gulen gravstad har felt I og F blitt utbetra og gjort klare for ny gravegging. Jordmassen er blitt innblanda med grus, og arealet er blitt heva. Det er også laga grusvegar langs felt A, D, E, F og I.



Arbeidet har vore på anbod og er gjort av Roar og Karstein Elnes. Kostnaden på tiltaket var budsjettert med kr.

600.000,00. Det står att å erstatte eit gjerde. Til no har vi klart arbeidet så vidt innanfor budsjettet.

Gulen kyrkje har blitt måla. Arbeidet kom på ca. kr. 400.000,00 + mva., og vart utført av målarmeister Arne Kalstad, etter anbod.



Ved Brekke og Oppedal gravplassar er det kjøpt inn 6 nye benkar. Benkane er finansierte av Marin Harvest Fondet, etter søknad frå Brekke sokneråd.

Det er montert to nye omnar langs sørveggen i Gulen kyrkje. Det har vore feil på dei gamle heilt til no. Det har gjort at det har vore umogleg å få nok varme i kyrkja på kalde dagar.

GKF har tenesteytingsavtale med Gulen kommune på vedlikehald av kyrkjer og gravplassar, samt at vi kjøper gravartenester. Gravinga har vore ute på anbod i 2015, og no er det Brekke Maskinstasjon som har arbeidet.

Kyrkjeverja får positive tilbakemeldingar på sommarvedlikehaldet på gravplassane. Når det gjeld fjerning av overskotsmasse på graver og å fylle att hol etter fjerna gravsteinar, så kan arbeidet bli betre.

På Gulen og Rutle gravplass har det vore eit problem med at hjorten går, og m.a. et blomar frå plantefelta på gravene. I år var det så ille at fellesrådet søkte om – og fekk – tre skadefellingsløyve. Det er neppe ei varig løysing, men hadde god effekt i år.

## Frivillige medarbeidarar

Det er mange frivillige medarbeidarar i kyrkja. Nokre er synlegare enn andre, og er leiingar og samarbeidspartar for faste trusopplæringstilbod eller andre faste tenester som pynting av kyrkja, klokkarteneste, lagging og utdeling av Kyrkjelydsblad.

Kyrkjekontoret prøver å sikre eit godt samarbeid mellom tilsette og frivillige ressursar. Det går på informasjon, opplæring og møtepunkt.

I 2015 arrangerte vi kurs for tekstlesarar i Brekke kyrkje. Ingrid H.

Haveland var kursleiing, og vi inviterte



med dei andre fellesråda i prostiet. Det var åtte deltakarar frå Gulen (Brekke), Modalen og Masfjorden.

Mjømna sokneråd arrangerer kvart år ein haustfest på bedehuset. Det er ei samling for alle, men frivillige medarbeidarar blir særleg inviterte. Gulen og Brekke sokn hadde ikkje eigne samlingar for frivillige i 2015. Frivillige medarbeidarar til gudstene- nestene/sokneråda har vore inviterte til å delta på brannøvingar ved kvar si kyrkje hausten 2015.

## Kyrkjekontor og tilsette

Vi hadde ei medarbeidarsamling i februar i Gulen kyrkje, der Gjert Holtan frå NGIB hadde innlegg om branntryggleik, og Margrethe Skåden underviste oss om kva vi gjer om nokon får pustevanskar. Alle fekk prøve seg med gjenoppliving og med hjartekompresjon og munn til munn- metoden.



Kyrkjeverja gjekk gjennom ROS (risiko og sårbarhets)-analyse og instruksar for tilsette ved branttilløp i kyrkja. Det siste tok ein opp att i haust, saman med frivillige medhjæl-

parar og nye sokneråd.

Medarbeidarsamlinga vart avslutta med raspeballmiddag på kroa.

Det vart gjennomført ca. eit stabsmøte i månaden. På desse møta er det dei med meir enn 20 % stilling og som arbeider i alle sokna, som møter, dvs. prestane, organist, kontorfullmektig og kyrkjeverje. Tema på møta er stort sett planar framover, og samhandling. Prosten har vore med på nokre av møta.

Som det går fram under overskrifta «Gudstener og kyrkjemusikk», har det no blitt ei fast ordning med tre ulike prestar i kommunen. Jens Linde i Gulen, Audun Systad i Brekke og Bjørn Magne Hansen i Mjømna.



Jens Linde nyttar kontoret i Eivindvik, dei andre er her meir tilfeldig, oftast kombinert med andre tenester eller stabsmøte. Kyrkjeverje og kontorfullmektig deler kontor. (Kontorfullmektig er på arbeid halv dag torsdag og fredag.) Det vart kjøpt inn nye kontorpultar og to nye datamaskiner. Jens Linde overtok den som stod på kontoret, Margrethe fekk ny. Det same

gjorde Peter (berbar), fordi den gamle havarerte og ikkje let seg ordne.

Kyrkjevevja er tilsett i 80 % stilling, og har fast fridag på onsdagar. I samband med fylkestingsvalet hadde kyrkjevevja uløna permisjon i 10 dagar. GKF kjøpte ekstrahjelp/timar i samband med gjennomføring av soknerådsvalet frå kontorfullmektig. Kyrkjevevja har ein del frikjøp pga. verv. Dette får fellesrådet økonomisk kompensasjon for.

Kyrkjevevja har delteke på felles-samlingar for kyrkjevevjer i prostiet og i Bjørgvin Kyrkjevevjerlag. Ho har ikkje delteke på nasjonale samlingar/kurs i 2015.

Peter T.Jobbagy er organist i 60 % og kyrkjelydspedagog i 40 % stilling. Hausten 2015 har han vore utleigd i 13,68 % til musikkskulen, dvs. at han har arbeidd som kyrkjelydspedagog i 26,32 %.

Andrid Baarøy slutta som kyrkjetenar i Gulen sokn, og Mjømna sokn (gravferder/bryllaup) frå 01.10.

Stillinga vart utlyst som éi stilling, med høve for deling. GKF har vedteke ei ny stilling på 9 % for Mjømna og 17 % for Gulen.

I Gulen er Astrid Øie Tveit tilsett, og i Mjømna er Kristin Mjanger tilsett.

Avtalen vi har hatt med Solgul AS om kyrkjetenartenester/reinhald er derfor sagt opp. Fellesrådet rettast stor takk til Solgul AS som i lengre tid har hjulpet oss med arbeidet.

I Brekke sokn er Randi Trædal kyrkjetenar i 14 %.


Klokkartenesta blir gjort av frivillige, og løna går som tilskot til soknet sitt arbeid.

GKF har arbeidsgjevaransvar for 2,49 årsverk, som fordeler seg slik:

- Klokkar, Brekke, frivillige: (kr. 16.000 i tilskot til SR)
- Klokkar Mjømna, Grete Lid: 4 %
- Klokkar Gulen, Aage Sandal: 5 %
- Kyrkjetenar Brekke, Randi Trædal: 14%
- Kyrkjetenar Mjømna, Kristin Mjanger: 9 %
- Kyrkjetenar Gulen, Astrid Øie Tveit: 17 %
- Organist, Peter T.Jobbagy: 60 %
- Kyrkjelydspedagog, Peter T. Jobbagy 40 % (utleigd frå 01.08. til musikkskulen i 13,68 %)
- Kontorfullmektig Margrethe Skåden: 20 %
- Kyrkjevevje, Trude Brosvik: 80 %

## Økonomi

Økonomisk tilskot frå kommunen i 2015 er kr. 1.928.300,00. I tillegg har GKF fått kr. 600.000,00 til to felt på Gulen gravplass. Tenesteytingsavtalen var i 2003 på kr. 413.400,00, og har auka med løns- og prisvekst, slik at han no er kr. 518.036,00.



Utviklinga i tilskot frå kommunen frå 2011 til 2015.

GKF har hatt to store investeringsprosjekt i 2015, gravplassutbetring og måling av kyrkje.

Gravplassen er finansiert med løyving frå kommunen.

Måling av kyrkja skulle, etter vedtak i GKF, finansierast med rentefritt lån frå Husbanken. Kommunen meinte det var utanfor ordninga, og ville ha tiltak for brannsikring inn i same søknad. Lånesøknaden vart derfor ikkje send i 2015. Eks. mva. kosta måling av kyrkja kr. 395.000,00. GKF har derfor halde att litt på anna vedlikehaldsarbeid i 2015, for ikkje å få for stort underskot.

Det vedlikehaldsarbeidet som har vore gjort på kyrkjer og kyrkjegardar i 2015, har stort sett vore reparasjonar på det elektriske (både kyrkje og kyrkjegard), flaumllys og montering av nye omnar.

Det har også vore ein reparasjon av orgelet i Brekke.

GKF løyvde tilskot til arbeidet med nytt toalett i Brekke kyrkje. Arbeidet vart ikkje gjort i 2015, så tilskotet blir først ført i 2016.

Den største, ikkje-budsjetterte utgifta var føretaksbot for felling av tre og skade på mellomalderkross. Reparasjon av krossen og oppgjer med forsikringsselskap er ikkje avklara.

Dei største endringane i budsjettet elles, er innsparte lønsutgifter/meir pensjon/refusjonar, som samla gjev ei innsparing på ca. kr. 50.000,00.

I tillegg kjem sal av tenester til musikkskulen på kr. 22.000,00.

På gravplassane har ein fått inn ca. kr. 45.000,00 meir enn budsjettert i festeavgifter.

Energikostnadene har vore ca. kr. 45.000,00 mindre enn budsjettert.


GKF fekk ekstra tilskot frå staten til kyrkjevealet på kr. 39.449,00. Det deka utgiftene våre, inkludert overføring på kr. 10.000,00 til Kyrkjelydsbladet som betaling for at vi brukte dei som informasjonskanal, og kjøp av ekstra timar med kontorfullmektig.

Tilskotet frå bispedømet til trusopplæring vart auka med kr. 10.000 + ein varsla auke på kr. 30.000,00 for å dekke inn «geografiske utfordringar». Desse midlane er ikkje utbetalte endå, pga. for sein rapportering (ikkje frå oss).

Kyrkjelydsbladet har eit underskot på kr. 32.213,03. Det blir deka inn av tidlegare års avsetningar til bladet.

Totalt har GKF sitt rekneskap eit overskot på kr. 18.849,39.

På investeringar er det eit underskot på kr. 6.100,00.



Fordelinga av midlar på sektorar: (adm 100 er kyrkjeverja, adm 200 er resten av kontoret)

«Kyrkje» kjem ut som større enn vanleg fordi måling av Gulen kyrkje er ført som vedlikehald, og i driftsrekneskapen.

Det har vore mykje arbeid på «gravplassar», men det er ført i investeringsrekneskapen.

*Kyrkjeverja*

## Barnas Misjonsdag på Byrknes bedehus



No er det blitt tradisjon med Barnas Misjonsdag på Kristi Himmelfartsdag, og i år var vi på Byrknes bedehus. Det var MISJONSTIVOLI med alt frå stabling av mutterar og sukkerbitar til skyting med «armbrøst» og ball i kopp. Helle Kartveit fortalde og viste bilete frå Thailand.

Mange born og vaksne var med, og soknerådet hadde laga deilige kaker som vi kosa oss med etterpå.

Det var veldig kjekt!

Gjennom å kjøpe «misjonspengar» til tivoliet kom det inn 2615,00 kr. til misjonen.

## Minikonfirmantar

Ni born (10-11 år) melde seg på Minikonfirmantopplegget; tre samlingar og leir på Alværa.

Diverre var det få som fullførte, delvis fordi leiren kolliderte med korpshelg. Slik vil det alltid vere, born og familiar har mange aktivitetar, og det er vanskeleg å finne tidspunkt som høver for alle.

Men dei som fekk med seg alt, gir uttrykk for at det var fine samlingar og ein kjekk leir.

Leiren vart avvikla saman med Hyllestad, Høyanger, Lavik og Bjordal. Toril Lange var «sjef».

Frå Gulen var Kari Hella Furnes med som frivillig, og Peter Jobbagy som leiar. På samlingane før leiren var Helle L. Kartveit og Peter Jobbagy leiarar.

## Glimt frå Brekke

Sokneprest Audun Systad har sendt nokre glimt frå arbeidet i Brekke sokn denne vinteren og våren:

Første fotoet er frå konfirmantfesten på bedehuset i januar.

Så følgjer eit situasjonsbilete frå ein konfirmanttime på Brekke skule.

På det neste biletet er konfirmantane med på eit besøk på Brekke bu- og

omsorgssenter, og på det siste biletet er det songkveld på Brekke bedehus, der ein øver inn litt nytt frå salmeboka.



## Dalsøyra bedehus 100 år

Lekmannsrørsla stod sterkt kring århundreskiftet 1800/1900. Lekpredikantar i reiste rundt i bygdene og heldt møte og skipa lokallag.

På Dalsøyra heldt dei møta i skulehuset, men òg mykje i heimane.

Tanken om å byggja bedehus kom snart opp, og 1. juni 1916 vart Dalsøyra bedehus vigsla.

### Byggjearbeidet

Den 13. mai 1914 vart det halde møte i skulehuset på Dalsøyra om å byggja bedehus i bygda. Møtet vedtok å gå i gang med byggjearbeidet, og det vart vedteke lover. John Kjelle vold, Martinus Haveland og Ola Lihaug som hadde kalla saman til møte, vart valde til styre for huset. Nokre menn reiste til Vadheim for å sjå på bedehuset der. Dei ynskte seg nokolunde same hus på Dalsøyra. John Kjelle vold gav fri grunn på sørsida av Biskophaugen der den gamle bygdevegen gjekk like ved.

Plasseringa var sentral i høve til ytterkantane av bygda. Byggjearbeidet kom så i gang. Huset vart bygt utan kjellar. Berre eit lite lågt rom i austre hjørnet vart laga for å ha plass til ved. Ola Lihaug, Martinus Haveland og fleire var bygningskunnige, så ein var sjølvhjelpne soleis. Det var god tilgang på arbeidskraft. Alt vart gjort på dugnad. Elling Lihaug laga talarstolen, og Bertel Berge vindauga.

### Vigsling

Huset vart vigsla 1. juni 1916 av sekretær i Det Vestlandske Indre-

misjonsforbund, Anders Lavik. Dette var ein stor festdag med fullt hus. Mange langvegsfarande kom òg. Det vart servert rjomegraut og smørbrød. Helsingar og gåver høyrde med. Dorthea og Lasse Lund gav bibel og nytestamente.

### **Utbetringar**

Med åra vart det turvande å utbetra huset. I 1949 vart ein samde om å gjennomføra ei innsamling til eit større utbetningsarbeid, og året etter vart byggenemnd vald. Det vart lagt nytt golv oppå det gamle. Himlingen i Storsalen vart senka med 1,30 m. Vegger og tak i begge salar vart kledde med porøs huntonitt, og det vart sett bjørkefiner på veggane i høgde 1,50 m frå golvet. I fronten mot galleriet vart det sett opp luker mellom salane og sett inn laus delevegg.



### **Tilbygg**

Ein såg det etter kvart også ynskjeleg å få eit tilbygg med rom for matsal, kjøkken og nytt inngangsparti med garderobe og toalett. Grunnarbeidet kom i gang vinteren 1964. Henrik Rotnheim grov ut tomta, og Søren Virkesdal stod for boring og sprenging. I 1971 vart det bygt ny

inngang med garderobe og toalett på 15 m<sup>2</sup>. Gamlekjøkkenet vart no ein del av garderoben.

### **Utsmykking**

17. mai 1917 vart det hengt opp eit innråma Kristusbilete på frontveggen i Storsalen. Det var påskrive ord frå Joh. 17.24: «Fader, eg vil ...» osv., og var ei gåve frå Marianne E. Erstad f. Ellingsen, til minne om far hennar, Ivar Ellingsen Berge. I 1932 kom den store bilettavla (1,65x 1,95m) med motiv Jesus i Getsemane, måla av Vilhelm Bjørknes, opp på frontveggen i Storsalen. Dette store arbeidet gjorde Bjørknes for berre 300 kr, som vart betalt av seks personar. Konrad Lihaug laga råma. I matsalen heng eit Kristusbilete som også er måla av Vilhelm Bjørknes. Det er gjeve av Margit og Ole Kjellevoid. I matsalen er det elles eit billetteppe med motiv Nattverden, gjeve av Klara og Elling Kjølby.

### **Lover**

Lover for Dalsøyra bedehus vart vedtekne i møte på skulehuset 13. mai 1914. Paragrafane 1-3 fastset kva huset skal brukast til:

*§ 1: Dalsøyra bedehus eies av Dalsøyra Indremisjonsforening, og virksomheten i huset skal være i overensstemmelse med Guds ord og den evangeliske Lutherske bekjennelse.*

*§ 2: Dalsøyra Indremisjonsforening har til enhver tid den første rett til husets bruk. Når det ikke kommer i veien for foreningens arbeid, skal huset kunne benyttes til ethvert gjøremål i Guds rike som står i overensstemmelse med § 1.*

*§ 3: Når det ikke kommer i veien for*



*husets bruk etter § 2, kan huset benyttes til møter for gode og almenntilgjørende mål. Dog må det stadig påses at disse møter ikke kommer i strid med Guds Ord og sand kristelig moral.*

### **Vekking 1945**

Det vart bede mykje om vekking i bygda. Gleda var stor då den kom i mars 1945. To menn – Anders Husebø og Peder Veiberg, som verka i Misjonssambandet, kom og heldt møte. Det var møte kvar kveld i tre veker, og med stort framføre, til dels fullt hus. På desse møta var det mange som tok imot Jesus som sin Frelsar og Herre. Talarane song også i lag, og P. Veiberg spela litt på trekkspel.

Møta vart jamnast lange, med bøn, samtale og sjelesorg.

Det var gode år i tida etter vekkinga i 1945, med godt framføre til møte og festar.

Utbetringa av bedehuset som etter kvart kom til, gav også god kveik. Dei fleste unge reiste etter kvart bort frå bygda til skular eller arbeid. Saman med sjukdom og død mellom dei eldre gjorde dette sitt til at samkomene på bedehuset vart mindre. Songgruppa i det kristeleg ungdomslaget stogga opp.

### **Verksemda dei fyrste tiåra**

I 1959 skreiv Hans I Dale eit stykke om verksemda i Dalsøyra bedehus i Kyrkjelydsblad for Gulen og Mjømna:

*«Mange av oss har venta sterkt på ei ålmenn vekking i bygda, og den kom vinteren 1914-1915 ved emissær Klingsheim frå Stavangerkanten. Han var Guds reiskap, full av Den heilage Ande, og*

*sterk i trua. Det vart halde møte mest kvar dag heile vinteren, og unge og eldre i krinsen var med, og i møta vart det vitna om frelsa full og fri.»*

Utanom vanlege møte var det òg julefestar. På desse festane var det stort framføre, der ungdom og born også kom. Etter at sundagsskulen tok til i 1932, hadde den òg julefestar. Basarar var det òg fleire av. Elles vart det skipa til stemne, der folk frå fjern og nær samlast. Tidvis var det ein flokk kvinner som kom saman til bønemøte. Dei heldt til i kjøkenet attmed Småsalen, der var det lettast å varma opp vinterstid.

### **Sundagsskulen**

Sundagsskulen tok truleg til i 1932 og heldt fram samanhengande til 1993-1994. Den heldt til i bedehuset, og den fyrste tida var i alle fall Brita Kjellevold, Elevine Nordal og Berentine Lihaug med som leiarar. Frå 1947 heldt Marie Halland og Olav Molde fram i lag til 1970-1975. Deretter heldt Olav Molde fram åleine til 1990, og Hildegunn Atterås Aspen og Sigrun Haveland nokre år vidare.

### **Gulenstemna**

I 1950-åra byrja Gulenstemna, tilskipa av dei kristne ungdomslaga på Byrknesøy, Eidsbotn og Dalsøyra. Stemna var årvisse og skifte på desse stadane. Talarar var oftast frå Misjonssambandet. Vilhelm Bjørknes var mykje med som talar. Siste tidbolken har Sogn Indremisjon sytt for talarar. Dei har òg fått offeret. I mange år no har desse stemna vore skipa til annakvart år på Byrknes og på Dalsøyra.

Brekke musikklag har ofte teke del med song og musikk.

Bedehuset var vore ein sentral samlingsplass for bygda heilt fram til seinaste tiåret. Etter kvart har bruken avtatt med skiftande tider, og huset blir i dag mest nytta til basarar, julefestar, ymse møte, og i seinare tid m.a. ungdomsarbeid og bygdemiddagar.

I dei siste åra har ein rusta opp huset ein del med dugnadshjelp. Nye toalett, og modernisering av kjøkken og matsal. Huset er òg vorte malt utvendig.

Til slutt må nemnast Olav Molde, som heile livet etter 1945 var sentral i det kristne arbeidet i bygda. Det var særleg bedehuset, sundagsskulen og indremisjonen som var hans «åker-teigar». 22. august 1999 fekk Olav og kona Eldbjørg tildelt Kongens fortenestemedalje for innsats i kristent arbeid og i samfunnslivet elles.

100-årsjubileet vil bli markert med ei verdig tilstelling, i juni i år. Formann i jubileumsåret er Elin Systad Lihaug.

*Rasmus A Kjellevold d.e.*

## **Jubileum for Dalsøyra bedehus 100 år: 26. juni**

Jubileumsfeiringa for Dalsøyra bedehus blir på søndag 26. juni.

Feiringa startar kl. 13.00 med ymse program (sjå nærare oppslag), og avsluttar med **gudsteneste kl. 16.00** v/Audun Systad (sjå gudstenestelista på baksida av bladet).

**Velkommen til jubileumsfeiring!**

## **Det skjer på Alværa:**

### **Alværastemne 5. juni:**

Vel møtt på Alværa søndag 5. juni, til det årlege Alværastemnet, som startar



med gudsteneste kl. 11.00.

På stemnet i år vil sokneprest i Gulen og Masfjorden, **Jens Linde**, vere med oss heile dagen. Det blir elles tradisjonelt opplegg med offer til Alværa, høve til å kjøpe middag, uteaktivitetar, familiesamling, kaffi, gode kaker og eitt åresal. – **Vi håpar du kjem – du er viktig for Alværa!**



### **Famileleir 10.-12. juni:**

Torstein Fosse, Ingvald Andersen Frøyen og Toril Lange inviterer til NMS og NMS U sin faste famileleir andre helga i juni. Tema for helga: «Mesternes Mester».

Det pleier å bli fullt på denne leiren, men ønskjer du å vere med, så ring Ingvald A. Frøyen: Tlf. 40406046.

## Misjonsprosjekt/Misjønæravtale

Alle sokna våre har avtale med Det Norske Misjonsselskap. Dette er du med på når du gjev gåver til kyrkje-lyden sitt misjonsprosjekt i Mali:

«**Gi evangeliet vidare**»: Evangelisering på fulani, språket dei snakkar i Mali. Dei produserer bibeldelar og bøker, underviser og har program på 32 radiostasjonar i heile Mali.

«**Landsbyutvikling**»: Dette er kamp mot omskjering av jenter, skrive- og leseopplæring, kornbank, støtte til inntektsbringane aktivitetar og spreiding av miljøvenlege omnar til utan-dørs matlaging.

«**Bygg leiarskap og organisasjon**»: For å medverke til langsiktig utvikling støttar NMS arbeidet med leiartrening og organisasjonsutvikling, både med pengar og menneskeleg innsats. Det gjer vi for å bringe evangeliet til fulanifolket, men også for å få til interkulturell samhandling og førebygge konflikter.

## Auke i festeavgifta

Frå 28.04.2016 aukar festeavgifta frå kr. 115,00 til kr. 200,00 pr år. Avgifta blir kravd inn for 5 år i gongen.

Vedtaket er gjort av Gulen kommune-styre i sak 28/16, etter tilråding frå Gulen kyrkjelege fellelsråd. Auken er stor i %, men Gulen har framleis låg festeavgift samanlikna med dei fleste andre. I tillegg er den betalingsfrie perioden (fredingstida) lengre enn det

som er lovkravet på 20 år. Pr no er fredingstida i Gulen på 40 år, men fellelsrådet søker å endre ho til 30 år. Det vert avgjort av bispedømmerådet.



## Orgelkonsert i Gulen kyrkje

**Søndag 12.juni, kl. 20.00** blir det orgelkonsert i Gulen kyrkje med Peter T. Jobbagy, med musikk av Max Reger, Gustav Mahler, J.S. Bach og Franz Liszt. Fri inngang, men høve til å gje gåve til kyrkjelydsarbeidet.

## «Tid for tru»

I haust blir du invitert med på fem kveldar med eit opplegg som heiter «Tid for tru». Her skal du bli betre kjend med Bibelen, få diskutere og ha sosialt samvær. Samlingane blir leia av sokneprest i Brekke, Audun Systad. **Stad:** Brekke bedehus.

**Datoar:** 5.10., 19.10., 02.11., 16.11. og 30.11.

## Konfirmasjon i Gulen kyrkje 24. april 2016:



Foto: Hege-Beth Brosvik

## Konfirmasjon i Mjømna kyrkje 1. mai 2016:



Foto sendt av Renate Larsen

## Konfirmasjon i Brekke kyrkje 8. mai 2016:



Foto: Gøril Sætre

Konfirmantane i Brekke kyrkje (over):

Framme frå venstre: Julie Breidvik, Solveig Takle og prost Geir Sørebo.  
Bak frå venstre: Kaja Takle, Tord Haugsvær, Nikolai Breidvik og Hanna Solheim.

Konfirmantane i Gulen kyrkje (side 20):

Framme frå venstre: sokneprest Jens Linde, Julian Steine, Celina Baldersheim Westervik, Marianne Vevang Opdal, Benedikte Lihaug, Lars Fosse og Jonas Tafur Stølen.

Bak frå venstre: Victoria Jelena Andersen, Bishaara Yusuf, Elias Brosvik, Jardar Tveit, Per-Martin Hella Furnes og Peter Severin Halland.

Konfirmantane i Mjømna kyrkje (side 20):

Frå venstre: Hilde Børnes, Leni Askvik Hosøy, Renate Unneland Larsen, Victor Birknes. Bak: Konfirmantprest Ingris Nyhus og prost Geir Sørebo.

## Bispevisitas 25.-27.10. og 30.10.



Fotoet er frå Arnafjord kyrkje, der biskop Halvor Nordhaug hadde visitas i mars i år.

Biskop Halvor Nordhaug kjem til Gulen og Masfjorden på visitas i haust. Då er det planar om å møte sokneråd, kommuneleiinga, frivillige og ungdom.

Programmet er langt frå klart endå. Men eine kvelden vil vi prøve å få til ei storsamling med frivillige i grendahuset på Dalsøyra. Søndagen blir det visitasgudsteneste i ei av kyrkjene, med ei samling etterpå. Meir i neste nummer.



## Bladpengar

Gulen kyrkjelydsblad er finansiert av frivillige gåver, og det blir lagt inn giro i bladet når økonomien tilseier det.

No er det like før vi ser botnen i kassa, så i neste nummer av bladet, som kjem i august, vil du finne ein giro du kan bruke.

Men du kan sjølvsagt betale inn bladpengar allereie no, ved å setje pengar inn på konto nr. 38171551282, merk: Kyrkjelydsbladet.

**Takk for gåver!**

## Minneord



Kari Øvstedal har i ei årrekke vore frivillig medarbeidar i Gulen sokn. Særleg har ho teke hand om pynting av kyrkja til alle gudstenester og arrangement. Men ho har også vore eit ja-menneske til andre oppgåver, t.d. innanfor trusopplæringa.

Kari brydde seg om menneske, såg alle og var glad i kyrkja, bygda og alt frivillig arbeid.

Gulen sokn takkar for arbeid og samarbeid, og lyser fred over minnet.



## Hjarteleg takk

for all omtanke, blomsterhelsingar og deltaking ved min kjære Magne Mjømen sin bortgang. Takk for gåva til Gulen og Solund sjøredningskorps «RS Utvær».

*Helsing Kjellfrid Mjømen m. familie*

## Nytt frå kyrkjelydane

### Døypte

#### GULEN SOKN:

**13.03.16:** Bishaara Lihaug. For: Anita Lihaug og Frode Kroken.

**13.03.16:** Zamzam Yusuf Mahamud Salah. For: Anita Lihaug og Frode Kroken.

**25.03.16:** Celine Nordvang Flolid. For: Alice F. Nordvang og Stian André Flolid. (Døyp i Frøyset kyrkje)

**25.03.16:** Markus Sandnes Rambjørg. For: Silje Christine Rosseland Sandnes og Even Breidvik Rambjørg. (Døyp i Frøyset kyrkje)

#### MJØMNA SOKN:

**20.03.16:** Hedda Braanaas Knutsen. For: Lina Braanaas og Bjørnar Johan Knutsen. Busette i Bergen.

**10.04.16:** Liam Tveit Mjømen. For: Marianne Tveit og Helge Mjømen. Busette i Os.

**10.04.16:** Leni Askvik Hosøy. For: Gunvor Askvik Hosøy og Fred Hosøy.

#### BREKKE SOKN:

**28.02.16:** Sindre-Henning Haugland Oppedal. For: Magnus Oppedal og Tone-Merete Haugland.

**27.03.16:** Halldis Maria Arabe Båtnes. For: Candelaria Mayormita Arabe og Terje Båtnes.

#### Vigde:

#### MJØMNA SOKN:

**14.05.16:** Aina Holmås og Kristian Norvoll. Vigde på Skjerjehamn.

#### Døde:

#### MJØMNA SOKN:

**17.03.16:** Trygve Steintun, f. 1927.

**21.03.16:** Magne Ragnar Mjømen, f. 1937.

**24.03.16:** Anny Sande, f. 1927.

**24.03.16:** Inger Amanda Nilsen, f. 1935.

#### GULEN SOKN:

**20.03.16:** Vagleik Andersen, f. 1962.

**01.04.16:** Astrid Kristine Bjørøy, f. 1933.

**05.04.16:** Kari Øvstedal, f. 1936.

#### BREKKE SOKN:

**19.04.16:** Helga Haugland, f. 1944.

**24.04.16:** Helene Synneva Grimslund, f. 1942.





## KYRKJEKALENDEREN

NB! Endringer i gudstenestelista kan førekomme. Følg med i lokalavisene, på oppslag og på nettsidene til kyrkja og kommunen.

**29.05.**, 2. s. i treeiningstida:  
**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Audun Systad. Dåp. Offer: Misjonær-adopsjon.

**05.06.**, 3. s. i treeiningstida:  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Audun Systad. Offer: Alværa.

**12.06.**, 4. s. i treeiningstida:  
**Mjømna kyrkje kl. 16.00** v/Jens Linde. Offer: Sjømannsmisjonen.

**19.06.**, 5. s. i treeiningstida:  
**Brekke kyrkje kl. 15.30** v/Audun Systad. Offer: Eige arbeid.

**26.06.** Aposteldagen: Gudsteneste på **Dalsøyra bedehus kl. 16.00** v/Audun Systad. 100-årsjubileum for Dalsøyra bedehus.

**03.07.**, 7.s.i treeiningstida:  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Bjørn Magne Hansen. Offer: Misjonær-adopsjon.

**10.07.**: Ikkje gudsteneste.

**17.07.**, 9. s. i treeiningstida:  
**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Jens Linde. Offer: Norsk Luthersk Misjonssamband

**24.07.**, 10. s. i treeiningstida:  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Jens Linde. Offer: Eige arbeid.

**31.07.**: Ikkje gudsteneste.

**07.08.**, 12. s. i treeiningstida:  
**Mjømna kyrkje kl. 16.00** v/Jens Linde. Offer: Misjonær-adopsjon.

**14.08.**: Ikkje gudsteneste.

**21.08.**, Vingardssøndag  
**Brekke kyrkje kl. 16.00** v/Audun Systad. Offer: Eige arbeid.

**28.08.**, 15. s. i treeiningstida:  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Bjørn Magne Hansen. Offer: Eige arbeid.

**04.09.**: Ikkje gudsteneste.

**11.09.**, 17. s. i treeiningstida:  
**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Audun Systad. Konfirmantpresentasjon. Offer: Eige arbeid.

**18.09.**, 18. s. i treeiningstida:  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Bjørn Magne Hansen. Konfirmantpresentasjon. Offer: Eige arbeid.

**25.09.**, 19. s. i treeiningstida:  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Jens Linde. Konfirmantpresentasjon. Offer: Kirkens SOS.

**02.10.**, 20. s. i treeiningstida:  
**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Audun Systad. Offer: Misjonær-adopsjon.

## Konfirmasjonsdatoar 2017:

**30.04:** Gulen kyrkje

**14.05:** Mjømna kyrkje

**21.05:** Brekke kyrkje